

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	20.10.2025
Vår referanse	2025/52524-8
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Silje Øvrebø Foyn
E-post	Silje.Ovrebo.Foyn@vlfk.no
Telefon	96942834

Ettersending - forholdet til marine kulturminne -Rehabilitering av dam Årebotn - tilhørende Vikfalli kraftanlegg - Vik kommune

Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, viser til høyringa av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Årebotn i Vik kommune.

Då planen omfattar areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum ved Museum Vest for vurdering av tilhøve til marine kulturminne

Museet uttaler som følgjer i brev av 14.10.25:

«Museet kjenn ikkje til kulturminne ved tiltaksområde i Vik kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.»

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar
KFO - Kulturarv

Silje Øvrebø Foyn
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift